

SNERTEN

Infoskriv frå Norsk Langeleikforum

Nr. 16
Juni 2018
Årgang 9



Treff med etter-
komarane etter
Ragna Rogn Fystro

Les også om

- **The American Dulcimer**
- **Stipendutdelingar**
- **Kurs som har vore og som kjem**
- **Nordic Harp Meeting**
- **Referat frå årsmøtet**

Reidun Fystro med langeleiken etter bestemor Ragna Rogn Fystro

Kjære alle langeleikvenner:

Mye skjer på langeleikfronten for tiden! Det er flott å se alle aktiviteter og kurs, bestilling av instrumenter og spill som foregår over hele landet.

I vår har det vært flere store arrangementer. «Klangen før fela» 9.-11.februar på Riksscenen var en stor suksess og det var kurs i langeleik med tre instruktører fra ulike tradisjoner: Marit Steinsrud, Gøril Ramo Håve og Solveig Vatn Weisser. Under arrangementet delte vi også ut stipend fra Norsk Langeleikforum til de unge utøverne Solveig Vatn Weisser og Ingrid Lingaas Fossum.



Øystre Slidre spel-og dansarlag i samarbeid med Norsk Langeleikforum inviterte langeleikspillere til en temadag lørdag 28. april om langeleikspiller Ragna Rogn Fystro og spillet hennes.

Under Musikkhelgen på Gjøvik 25-27.mai på Eiktunet var det kurs i langeleik med Gøril Ramo Håve, som lærte bort stoff fra Telemark og Rogaland.

Og fremdeles er det i Nordahl Bruns gate i Oslo kurs annenhver tirsdag arrangert av Valdreslaget. Solveig Vatn Weisser er leder og stemmer leikene.

Av kommende arrangementer er det verdt å merke seg at vi har fått til et 3-dagers kurs på Jørn Hilmestemnet i år, med instruktør Ingvild Lie. Dette er et forsøk, da vi i flere år har etterlyst et litt lengre kurs. Kurset passer for alle som spiller eller har spilt langeleik og ønsker påfyll og inspirasjon til å holde fram. Inkludert i kurset kan kursdeltagerne også delta på kulturpolitisk seminar, "Fargerike fellesskap - kvitt raseri. Ein tredje kamp om det nasjonale" på Valdres folkemuseum torsdag klokka 12.00. Tidspunkt for kurset er **onsdag 11. juli, kl.14.00 - 17.00, torsdag 12. juli, kl.14.00 - 17.00 og fredag 13. juli, kl.11.00 - 14.00**. Så vi håper mange melder seg på! På fredagskvelden kl. 20:00-21:00 skal vi også vise fram langeleiken for barn, og la dem få prøve litt, under et arrangement de har kalt «Sumarkveld for småfolk», som inneholder flere aktiviteter tilrettelagt for barn.

Landskapappleiken i år finner sted i Trysil 27. juni-1. juli, og det er mange deltagere i langeleik, både junior og senior i kategorien eldre folkemusikkinstrument. I tillegg får vi gruppespill med langeleik: den nyetablerte gruppen «Rogaklang» spiller to slåtter fra Rogaland. Dette kom etter initiativ fra Gøril Ramo Håve, som har jobbet med Rogalandsstoff i en tid nå. Og i Rogaland vil det satses mer på langeleik fremover: Rogaland Ungdomslag har satt 6 instrumenter i bestilling hos Oddrun Hegge, hvor flere av disse er snart ferdig. Etter hvert håper vi å få til flere kurs og arrangement med langeleik også i Rogaland.

Vi minner ellers om stipendet: Norsk Langeleikforum har opprettet et stipend til langeleikutøvere og instrumentbyggere mellom 15 og 26 år. Stipendet kan finansiere kurs, undervisning eller annet som gir inspirasjon og kunnskap. Søknadsfrist neste gang er 1.november.

Vi planlegger også langeleikkurs til høsten: sett av helgen 12.-14. oktober!

Da håper jeg alle får en flott sommer: mange fine festivaler å besøke, både med og uten og langeleik!

Hilsen Lise K. Meling, leder.

Takk!



Då Norsk Langeleikforum vart stifta 25. juli i 2009, vart Sigurd Braathen vald inn i styret. Han har vore trufast styremedlem fram til årsmøtet i februar i år med ekstra ansvar for heimeside og facebooksida.

Takk, Sigurd, for arbeidet ditt gjennom mange år!



Lisbeth David-Andersen kom feiande inn som eit friskt pust i langeleikmiljøet for få år sidan, og har vore leiar av NLF dei to siste åra.

Lisbeth har hatt eit glødande engasjement og gjort ein framifrå innsats med å leie organisasjonen fram til årsmøtet i 2018.

Takk også til deg, Lisbeth!

Som de såg av leiaren denne gongen, er det Lise K. Meling som er den nye styreleiaren. Vi ynskjer henne lykke til med arbeidet framover! Sjå elles årsmøte-referatet.

Ragna Rogn Fystro (1891 – 1966)

«Bestemor var veldig snill, alltid i godt humør, og vi ungane var ofte inne hjå henne for å høre henne spela.»

Dette var noko av karakteristikken barnebarna til Ragna Rogn Fystro gav av bestemor si på langeleiktreffet i Øystre Slidre i april. Øystre Slidre spel- og dansarlag ynskjer å laga fleire treff der vi fokuserer på dei gamle kjeldene, og først ute var Ragna Rogn Fystro. Treffet hadde mange deltakarar, og at det var ekstra gjevt at etterkomrarar etter Ragna kom for å formidle minner og såleis levandegjera kjelda, både som kvardagsmenneske og musikar.

Ragna var ei av fire syskjen som vaks opp på Fystro i Vestre Slidre. Brørne hennar reiste til Amerika, og Ragnhild, storesyster, gifta seg til Midthus i Aurdal. Slik vart det til at Ragna overtok heimegarden saman med mannen sin, Andris Endreson Rogn, som kom frå Vang.

Ragna og systera Ragnhild var svært musikalske, og Ragna starta tidleg med felespel. Men den tida var det ikkje heilt akseptert at jenter spelte fele, så fela vart selt, og systrene fekk i staden kvar sin langeleik som var laga av Haldor Ødegård frå Røn i år 1900.

På same tid som Ragna vaks opp, budde også den kjende langeleikspelaren Kari Braute på Fystro. Ho var ein stor inspirasjon, for det står i eit festskrift frå Vestmannalaget: *Det var nok skuldi til Kari Rudi, Braute, at dei fleste jentor i Øyebygdi i Røn spela på langeleik ved 1900 og utetter.* Det er vel grunn til å tru at Ragna og Ragnhild lærde mykje av henne.

Snerten vil koma med ei fyldigare omtale av Kari Braute i neste nummer.

Systrene Kjellaug, Reidun og Marit gav saman med Knut, yngste son til Ragna, eit bilet av ei travel kvinne. Ho hadde ti barn i tillegg til alt arbeidet som alltid skal utførast på ein gard. Likevel tok ho seg tid til å spela, både på langeleiken sin, og andre instrument som fløyte, lur og bukkehorn. Ragna vart av etterkomarane skildra som ein god langeleikspelar med eit uvanleg godt utvikla teknisk spel, rask og presis på høgt musikals nivå. Heldigvis eksisterer det fleire innspelingar etter henne, og på treffet fekk me gleda av å lytte til spel som ettertrykkeleg bekreftar dette. I denne dama budde det mykje musikk! Ho og systera Ragnhild konkurrerte om å vera best, vart det sagt.

Det er Reidun som har leiken etter bestemora, og denne er no teken fram og blir brukt av svigerdotter og litt av barnebarnet Linn. Instrumentet vart beundra under treffet. Noteknottane har vore utslitne og skifta. Far hennar laga nye knottar i bein med nedfelt stål. Det har vore dobbel spelstreng, og merker etter levd liv gjer at ein føler ein kjem endå litt nærmere innpå langeleikmeisteren.



Etterkomrar etter Ragna: I midten tre generasjonar med Reidun, sonen Fritz og Linn, barnebarnet til Reidun, vidare frå venstre ser vi Marit, Aud Irene g.m. Fritz, Kjellaug og Knut, yngste sonen til Ragna

(Foto: G. Hegge)

Av borna til Ragna er det Marit (f. 1922), g.m. Sigurd Rogne, som har spelt og ført musikken vidare til si dotter Astrid. Og barnebarna som vaks opp i lag med Ragna, spelar også. No gledar dei seg over ny inspirasjon til å friske oppatt musikken som vart dei så kjær i oppveksten.

G.H og O.H



Norsk Langeleikforum
selger handlenett i
økologisk bomull. Send
bestilling til
guri.s@online.no

NOK 100,- inkl.porto

The History of the Appalachian (mountain) Dulcimer



I 1974 kom *The Dulcimer Book* av Jean Ritchie ut i USA. Her skriv ho om samanhengen mellom dei gamle strengeinstrumenta som vi kan sjå på som slektingane til langeleiken. Interessant å lesa hennar framstilling av langeleiken, og vi får også stifte kjennskap med ei langeleikspelande kvinne som ikkje tidlegare har vore mykje omtala, nemleg Sonja Savig. Artikkelen er fritt omsett frå engelsk.

Jean Richie skriv:

Ein gong ville eg vore i stand til å slåst med den som påstod at vår dulcimer ikkje var eit originalinstrument frå Appalachene. For meg såg det ut til at songane frå fjella i Kentucky med tonefylgle av dulcimeren var laga samtidig og for kvarandre. Som onkel Jason Richie sa: «Ei kjærleiksballade treng ein dulcimer på same måte som ein blomst treng vatn».

Men etter kvart lærde eg både frå litteratur og reiser eg gjorde at sangane våre vart sunge og spelt på hundrevis av forskjellige måtar og variasjonar gjennom fleire hundre år bakover i tid. Då kom tanken om at kanskje folkemusikkinstrumentet vårt også opprinneligt kom frå eit anna land og lenger tilbake i tid enn eg kunne ha tenkt meg. Det mest nærliggjande var å anta at instrumentet kom saman med slektingane våre frå England, Skottland og Irland.

Men å anta var ikkje nok for meg, så eg bestemte meg for å prøve å finne ut meir om røtene til dette «tradisjonelle» instrumentet frå Appalachene. Sjølv sagt hadde det vore gjort noko research før utan at eg visste mykje om det.

Det første eg fekk vite om instrumentet var heilt tilfeldig. Ein dag i 1949 etter at eg var kome til New York City for å jobbe, var eg saman med ein venn på Metropolitan Museum of Art. Medan vi rusla frå rom til rom, kom vi over ei utstilling med gamle strengeinstrument. Eitt av dei hadde mykje til felles med noko eg kjende til frå før, ei lang trekasse med same skala som vår Kentucky-dulcimer. Plakaten sa at dette var ein tysk Scheitholt. Då skjønte eg at vår dulcimer truleg var korkje engelsk, skotsk eller irsk.

I 1952-53 reiste mannen min, George Pickow, og eg rundti på dei britiske øyene og samla folkesangar derifrå. Gjennom dette arbeidet var det ingen som hadde høyrt om eller sett noko instrument som likna på ducimeren min frå Kentucky. Vi undersøkte på bibliotek, festivalar, folkemusikksamlingar og prata med mange folk som ville ha kjent til dette om det hadde funnest ein tradisjon, utan å finne spor.

Så var det ein kveld vi var hjå Seamus Delagry, leiaren for Irish Folklore Commission i Dublin, og eg song og spelte på instrumentet mitt. Delagry studerte på den tida likskapar og ulikskapar mellom irsk folkemusikk og den skandinaviske. Då eg var ferdig med sangen min, sa han: «Veit du at instrumentet ditt liknar mykje på den norske langeleiken? Veit du kvar dulcimeren din kjem i frå?» Eg måtte seia at det visste eg ikkje, men dette fekk meg på sporet att.

Tilbake i London ein månads tid seinare fekk vi i eit utstillingsvindauge i ein bokhandel auga på eit verk som heitte *Strengelinstrument i middelalderen*. Vi gjekk inn og fekk bla gjennom, og der fekk vi auga på det for oss første skrivne bevis på dei eldre formene av dulcimeren. Her fann vi ei skildring av det tyske instrumentet Scheitholt, omtala av Hortense Panum. Forfattaren seier at det er vanskeleg å vite kvar instrumentet kjem i frå. Sidan det var populært i mange europeiske land, hadde mange den formeininga at det kom frå andre land. Italienarane trudde det var eit gammalt instrument frå Toscana, tyskarane kalla det ofte «spansk», i Nederland var det av skandinavisk herkomst og franskmennene kalla det ei tid flamsk. Seinare fann dei ut at det høyrde til fjella i Vosges og gav det namnet *Epinette des Vosges*.

Før eg går nøyare inn på den amerikanske dulcimmeren, vil eg ta for meg dei ulike instrumenta som utvikla seg frå Scheitholt i Europa, og som alle ser ut til å ha karakteristiske kjenneteikn som liknar vår dulcimmer.

Den norske langeleiken



#12 Sonia Savig playing Norwegian Langeleik

Den eldste omtala av langeleiken som eit norsk instrument kom, i følgje Hortense Panum, på 1600-talet frå Anders Aarrebo, som kallar det «langspil». «Jentene hans spelte ei ballade på langspil», står det i Norske Selskabs Skrifter s. 259. På 1700-talet var det framleis det einaste instrumentet som var spelt og elska av dei norske bøndene. Han nemner også at Valdres er den einaste av dei større dalane i Noreg der langeleiken framleis blir brukt i noko utstrekning. Han registrerer også ei oppvaknande interesse for instrumentet, og ei av dei som ber dette ut, er Sonja Savig, ei norsk jente som bur i New York. Ho var i Noreg i 1958 og melder om at det er mykje interesse der, til og med

kappleikar for langeleikspelarar både i Valdres og Telemark, og at langeleikmusikk og song får god sendetid i norsk radio. Sonja Savig lærde å spela langeleik medan ho var der, og tok med seg langeleiken tilbake til USA.

Både stemminga og speleteknikken som Hortense Panum beskriv er til å kjenne att for den amerikanske dulcimerspelaren. Men det som er mest iaugefallande, er likskapen i utsjånad. Hovudskilnaden ser ut til å vera talet på strenger. Panum trur at eit liknande instrument, det islandske langspelet, kan vera utvikla frå den norske langeleiken, men at dei på Island tok i bruk bogen når dei skulle spela. Dette var kanskje lånt frå deira nasjonale fidla. I skrifter frå 1699 står det at ein anten kunne plukke strengene eller bruke bøge, og då har bogeteknikken etter kvart vunne her.

Epinette des Vosges



Hortense Panum skriv om dette franske instrumentet at det har vore brukt i det franske fjella les Vosges frå svært gamal tid opp til våre dagar. Instrumentet liknar mykje på det tyske Scheitholt ved at det har ei avlang resonnanskasse med strenger spent over. Melodistrengen vart brukt anten med ein pinne som ein la over og førte fram og tilbake på notestrengen og akkompagnerte på den måten, eller med fingerspel. Plekteret var laga av ei elastsisk gåsefjør.

Mannen min og eg kjøpte to epinettar i Paris i 1953. Dei er no svært sjeldne i Frankrike, og vi kjenner ikkje til nokon levande epinette-spelar. Vi besøkte Le Musée National des Arts et Traditions Populaires i Paris, og «the lady in charge» fortalte oss at dei hadde eitt, og kun eitt, opptak av ein epinettespelar, og det var ei kvinne frå aust- Frankrike.

The Humle

Medan instrumenta i Tyskland, Noreg og Island fekk namn etter korleis dei såg ut, fekk instrumentet i Nederland namn etter korleis det høyrdet ut. Hommeln er det hollandske ordet for å nynne, brumme, og var beskrivande for brumminga frå basstrengen, og slik fekk det namnet hummel eller humle (eng.) På same måten som langeleiken, langspelet og epinetten er hummelen ein etterkomar etter Scheitholten, og etter det Panum trur, er dette instrumentet i grenselandet for populariteten til denne type instrument. Zitharen som deretter vart utvikla i Østerrike og Bavaria (gamalt kongedøme i Bayern) kunne ikkje reknast som «folkemusikkinstrument» i si form og konstruksjon. Hummelen utvikla seg vidare frå dei andre gamle strengeinstrumenta ved at han har fleire strenger og stillarar av metall. (...)

Konklusjon

Kvar kom så eigentleg den amerikanske dulcimeren i frå? Eg trur han kom frå mange plassar, akkurat slik songane våre gjer. Eg trur ikkje nokon eller svært få av nybyggjarane i fjella våre tok med seg instrumenta frå gamlelandet. Dei var for fattige, eller dei hadde for mykje med seg på den lange reisa. Så på same måten som med songen var instrumenta med i minnet og hjartet, og då det endeleg var tid til å skjera ut eit trestykke og gje det form etter minnet, begynte det «nye» instrumentet å dukke opp, forenkla og etter kvart oppteke i sitt miljø. (...)

Kanskje tok det mange år, men etter kvart fekk instrumentet ein ny identitet. Nybyggjarane frå dei ulike europeiske tradisjonane hadde eit minne, og ut frå minnet tok dei opp att den kjære musikken dei hadde reist frå.

Slik konkluderer Jean Richie dette kapittelet i boka si frå 1974. Mykje har vorte skrive sidan, og tradisjonane har utvikla seg vidare på 40 år.

Stipend til Ingrid Lingaas Fossum og Solveig Vatn Weisser

NLF har oppretta eit stipend til langeleikutøvar og instrumentbyggjarar mellom 15 og 26 år. Dette var utdelt for fyrste gong på årsmøtet i februar i år. Ole Aastad Bråten og Svein Vestad har vore i juryen, og her er grunngjevinga deira for utdelinga :



Søkjarane er unge, lovande utøvarar som både viser vilje til å ta vare på tradisjonane, og som samstundes er leikne og undersøkande i tilnærminga til musikken. Opplæringa har i hovudsak skjedd i kulturskulen, spel- og dansarlag og på sommarkurs. Dei siste åra har dei sjølve tatt ansvar for opplæring og undervising ved dei same sommarkursa, og elles på helgekurs og spelning i spelemannslaga.



Utøvarane viser stor interesse for instrumenta sine, dei kvalitetane som ligg i desse, og dei har begge klare tankar om slik som klangkvalitet, tonalitet, konstruksjon og utforming. Søkjarane kvir seg ikkje for sjølve å rigge instrumenta sine og skifte slik som noteband og strengar. Glede over handverket fortel om kjærleik til instrumentet og til dei som byggjer dei – makarane.

Innstillingskomiteen tilrår at dei to søkerane får kvart sitt stipend på kr. 5000 kvar.

Ole Aastad Bråten

Svein Westad

NLF gratulerer to verdige stipendvinnarar!



Drømmestipendet

Drømmestipendet blir utdelt av kulturskulane i landet, og i år var det Borghild Håvarsdotter Dalbø fra Øystre Slidre Kulturskule som fekk utdelt dette stipendet. Borghild er ein flott representant for langeleiktradisjonen samstundes som ho likar å bruke instrumentet i nye samanhengar og i samspel med andre. Her er ho flankert av rektor i kulturskulen,

Kari Onstad, og ordførar Kjell Berge Melbybråten. NLF gratulerer!

(Foto: Rolf Kjetil Gulbrandsen)

Referat fra årsmøtet i Norsk Langeleikforum 11.februar 2018

Møtet ble holdt i møterom på Riksscenen etter Klangen før fela.

Sak 1: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste ble godkjent.

Valg ble flyttet fra sak 7 til sak 9.

Styret ble oppfordret til å sende ut årsmelding og arbeidsprogram sammen med innkalling og saksliste.

Sak 2: Valg av ordstyrer, referent, tellekorps og 2 til å signere referatet

Lisbeth David-Andersen valgt til ordstyrer, Guri Svindahl valgt til referent og Sigurd Braathen valgt til tellekorps. Karine Kjellberg Granli og Lise Karin Meling valgt til å signere referatet.

Sak 3: Registrering av de med stemmerett og fullmakt

12 medlemmer tilstede, ingen fullmakter.

Sak 4: Årsmelding

Årsmeldingen ble godkjent med følgende kommentarer:

De 2 langeleikene NLF har til utlån er ment fortrinnsvis til unge utøvere uten eget instrument.

Sak 5. Regnskap

Regnskapet ble enstemmig godkjent.

Det er ønskelig å ha oppstilt tall fra forrige år og å ha tall fra de ulike postene tilgjengelig på årsmøtet.

Sak 6. Fastsetting av medlemspenger

Årsmøtet ber styret legge fram et forslag til neste årsmøte om å øke medlemsavgiften til NOK 250,- for 2019. NOK 150,- for studenter.

Sak 7. Arbeidsplan 2018

Godkjent med følgende kommentarer:

Medlemsskrivet heter Snerten. Gunvor Hegge fortsetter som redaktør.

Nettsiden videreutvikles slik at medlemmer kan få eksklusiv tilgang til arkiv og annet materiale. Er det mulig å søke profesjonell hjelp til å utvikle nettsiden.

Kan Norsk Langeleikforum ta initiativ til å delta på Nordisk harpetreff som arrangeres i Lund i Sverige november 2018. Stein Villa skriver om det på hjemmesiden og i Snerten.

Sak 8. Budsjett

Budsjettet ble enstemmig godkjent

Styret foretar prioriteringer innenfor budsjettrammen.

Sak 9. Valg av leder, styremedlemmer, varamedlemmer, revisor og valgkomité

Valgkomiteen legger fram følgende forslag:

Leder: Lise Meling (velges for 1 år)

Styremedlem: Guri Svindahl (ikke på valg)

Styremedlem: Brit B. Totland (gjenvalg for 2 år)

Styremedlem: Ingrid Lingaas Fossum (ikke på valg)

Styremedlem: Knut Aastad Bråten (velges for 2 år)

Varamedlemmer:

Velges for 1 år og alle tar gjenvalg: Inger Frøydis Bakken

Solveig Vatn Weisser

Magnhild Karsrud

Valgkomité:

Gudrun Havro (ikke på valg)

Solfrid Olmhus (valgt for 2 år)

Revisor:

Turid Berge Endrerud (gjenvalgt)

Alle valgt ved akklamasjon.

Sak 10: Innkomne saker

Ingen saker.

Guri Svindahl

referent

Årsmøtereferatet er godkjent:

Lise Karin Meling

Karine Kjellberg Granli

Stipend

Til alle langeleikvenner!

Norsk Langeleikforum har opprettet et stipend til langeleikutøvere og instrumentbyggere mellom 15 og 26 år. Vi setter av minimum kr 5000,- hvert år til stipendmidler.

Stipendet kan finansiere kurs, undervisning eller annet som gir inspirasjon og kunnskap. Det kan også brukes til delfinansiering for innkjøp av instrument, eller utstyr forbundet med langeleik/instrumentbygging.

Søknaden må inneholde en beskrivelse av din erfaring og hva du ønsker å bruke stipendet til. Bruken av et tildelt stipend dokumenteres til styret i Norsk Langeleikforum innen 2 år etter tildelingen. Søkere må være medlem av Norsk Langeleikforum. Søknaden behandles av en fagjury på tre medlemmer oppnevnt av styret. Søknaden sendes på e-post til: guri.s@online.no innen 1. november 2018.

Kurs i langeleik i Gjøvik



Under Musikkhelgen i Gjøvik 25-27.mai på Eiktunet hadde vi år kurs i langeleik med Gøril Ramo Håve. Gøril er egentlig fra Trøndelag, og har deretter bosatt seg på Haukeli, men har i de senere årene arbeidet på Ryfylkemuseet på Sand i Rogaland. Der har hun fattet interesse for folkemusikken fra Rogaland, og har omsatt mye av hardingfelrepidertoaret til langeleik. Og det fungerer bra! Vi var fire deltagere og vi lærte stoff fra bl.a Rogaland og Telemark: repertoaret vårt etter denne helgen ble økt med slåttene "Bånsull" fra Sirdal, "Grotnesen" fra Rauland, "E du gut, e du kar" fra Landsmarka og "Bruremarsj" fra Jelsa. Vi lærte også enkle akkompagnementsmetoder og tok for oss sangen "Eg gjeng i tusund tankar", med tekst fra Sauda og melodi fra Suldal. Det er fint å kunne bruke langeleiken også til akkompagnement av sanger, i tillegg til solospill.

Søndag var det fullt liv på museet, og på siste delen av kurset på søndagen var vi inne i en av de gamle stuene og spilte for besøkende på museet. For mange er langeleik et eksotisk instrument, og flere (også norske) måtte ta både bilder og video!

Både lørdagen og søndagen hadde vi felles lunsj med deltagerne på de andre kursene, og vi hadde i år igjen Marit fantastiske suppe! Musikkhelgen var et veldig koselig arrangement, hyggelig og god stemning – vi håper at vi kan komme igjen til neste år også!

Lise K. Meling

Langeleikgruppa i Valdreslaget i Oslo deltok på Oslo-kappleiken 2017



Etter mange øvingar fann vi ut at vi ville stille på Oslokappleiken i fjor. Fire av oss øvde jamnt og trutt. Solveig lærte oss lydarlotten Smedalslåtten og ein halling komponert av henne som heiter Fossefall.

Nervøse var vi, men gjennomførte. Vi stilte i gruppa «Samspel (gruppespel og open klasse)

senior» og kom vart nr fem av åtte grupper. Dei som deltok var Brit B. Totalnd, Guri Svindahl, Inger Frøydis Bakken, og Solveig Vatn Weisser.

Nordic Harp Meeting - Nordisk harpetreff



strengeinstrumentene, derav navnet på arrangementet.

Repertoaret for langeleik, kantele og strykelyre representerer de eldste nordiske, instrumentale musikktradisjonene. På harpetreffet deltar sentrale utøvere på disse instrumentene, og tanken er å gjøre denne musikken tilgjengelig for alle deltakerne, uavhengig av hvilket instrument de spiller. Grunntanken er å utveksle tradisjonelle låter fra de nordiske landene (for eksempel låter som er bevart i den norske langeleiktradisjonen og den finske kanteletradisjonen) og overføre disse til de andre instrumentene. Slik overføring av musikk mellom instrumenter har skjedd til alle tider, og er en av flere grunner til at vi i dag har et så rikt melodirepertoar for tradisjonsmusikk. For de instrumenttypene som har dødd ut og som nå igjen vekkes til live, er det helt nødvendig å ha en slik «autentisk» musikkbank å ty til.

Det vil bli offentlige konserter både fredag og lørdag kveld, og men det viktigste er at alle deltakerne er aktivt med i spill og samvær, får mulighet til å bli kjent med hverandre, lære låter av hverandre, får spille sammen og dra nytte av hverandres kunnskaper, repertoar og erfaringer, og at de kan få nye ideer ut fra synergieffekten av mange ulike tradisjoner som møtes. Alle nivåer inkluderes, fra profesjonelle og avanserte musikere til nybegynnere.

På hjemmesiden <http://nordic-harp-meeting.eu/home/> ligger informasjon og historikk fra tidligere harpetreff. Der finner en også øvingslåter fra de forskjellige landene, og er rikt bildegalleri.

Det har vanligvis vært få norske deltakere på disse treffene, kanskje det nå er på tide å mobilisere og få med flere? Om en har lyst å prøve seg på noe annet enn sitt hovedinstrument, er det alltid instrumenter å låne.

Sett av første helga i november, fyll opp minibusser og reis til Lund!

1.-4. november er det klart for det 10. Nordic Harp Meeting. Denne gangen er det nok en gang Lund i Sverige som er arrangør, slik det også var første gangen i 2008. Gjøvik var vertskap i 2010 og 2014, og i 2017 ble det for første gang arrangert utenfor Norden, denne gangen i Viljandi, Estland. Nordisk Harpetreff er en årlig samling/konferanse/kurshelg for folk som spiller, bygger eller rett og slett bare deler en begeistring for harper, lyrer, langeleik, kantele og beslektede instrumenter. Begrepet harpe har opp gjennom historien vært brukt om de fleste eldre

Kven er dette?

Dette biletet er å finne i boka *The Dulcimer Book by Jean Ritchie* som er omtala tidlegare i bladet. Vi ser at det er ein George Picow som er fotograf.



Norwegian Langeleik player, 1916

Photo by George Pickow

Veldig mykje tyder på at det er Kari Rudi Fossum, men vi har pr no ikkje greidd å få det stadfesta. Er det nokon som kan hjelpe oss? Kari var fødd i 1881, og ville vore 25 år på dette biletet. V kjem tilbake med fleire opplysningar om henne uansett om kven dette er.

Langeleikseminar i Bø i Telemark 12. – 14. oktober 2018

Temaet er Langeleiken i Telemark.

Foredragshaldarar blir Kjell Bitustøy, Kari Lønnestad og Gøril Ramo Håve.

Kjell Bitustøy vil fortelje om turen til Nordiska Museet der han kom over langeleiksamlinga deira som låg stemoderleg nedstøva i kjellaren. Han vil også snakke om slekta si, Lauvaasane, som var gode langeleikspelarar.

Kari Lønnestad fra folkemusikkarkivet vil mellom anna snakke om langeleikopptaka som finst der, medan Gøril seier noko om langeleiken i Telemark og korleis dei kan ha spela og bruk Langeleiken.

På styremøtet var det også ønskje om langeleikkurs, og Kari og eg kan stille som instruktørar. Det kunne vore moro om både Valdres, Gjøvik og Telemark utveksla slåtter og spela i hop den helga.

Overnatting:

Det er fleire moglegheitar. Bø hotell er vel det dyraste. Beverøya Hytteutleige og Camping, er eit anna godt alternativ. Det er kort veg til sentrum, billig og bra. Det er leiligheter, med god standard om fleire vil dele.

Heimeside:

www.langeleikforum.no

facebook: [Norsk langeleikforum](#)

e-post: langeleikforum@gmail.com

Medlemspengar 2018: 200 kr

Kontonr. 1503.14.71807

Hugs medlemspengane for 2018!

Du kan også bruke Vipps til Norsk Langeleikforum, eller trykk 136475